



Karmøy kommune  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Aurora Skimmeland, 51568708

## Uttale- søknad om dispensasjon for frådelling av parsell gnr./bnr. 98/1 i Karmøy kommune

Me syner til kommunen si oversending av sak, dagsett 13.12.2022.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF- føremålet i reguleringsplan 426 for frådelling av sjølvstendig parsell på 0,1 daa og frå plan- og bygningslova § 1-8 for frådelling av parsell på 0,1 daa ifølgje NIBIOS gårdskart. Kommunen opplyser at det i etterkant av delinga vil komme søknad om oppføring av fylling i sjø, båtopptrekk, sjøbod og brygge med utriggar. Kommunen peikar på at parsellen det søkjast om allereie ligg på slutten av ei rekke med naust, og at landbruks og strandsoneomsyna difor ikkje vert vesentleg tilsidesett. Kommunen er positive til å gje dispensasjon.

Saka er send på høyring til statlege og regionale sektorstyresmakter i tråd med reglane i plan- og bygningslova kapittel 19. Det er ikkje nok at omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsynet bak lova sitt føremål eller nasjonale eller regionale interesse, ikkje blir vesentleg satt til side. I tillegg må fordela ved å gje dispensasjon, etter ei samla vurdering, være klårt større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2, 2. ledd.

### Statsforvaltaren sitt syn på saka

Av dei nasjonale ansvarsområda Statsforvaltaren er sett til å ivareta gjennom plan- og bygningslova, har me ikkje merknader til at det vert gitt dispensasjon til frådelling av parsell på 0,1 daa i denne konkrete saka. Parsellen det søkjast om å dele i frå, er i kommuneplanen avsett til småbåthamn.

Me gjer elles merksam på at som uttaleinstans skal me ha kommunen sitt vedtak tilsendt straks det er gjort.

Med helsing

Tina Eltervåg (e.f.)  
rådgiver

Aurora Skimmeland  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:  
Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger